



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Komite Forvaltning	08.02.2018	003/18

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 504	15/1030

Detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik, Vågen. Ny 1. gangshandsaming.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§ 12-9 og 12-10 vert justert framlegg til detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik, planid 201305, g.nr./b.nr. 11/1, 12/1, 30, 13/6-7 og 15/1 i Etne kommune lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker – ny 1. gangshøyring.

Innspel til pågåande kommuneplanarbeid, arealdelen: Det vert lagt inn omsynssoner på 30 m kring alle førekomster av dvergålegras i Vågen og Bekkjavika.

08.02.2018 Komite Forvaltning

KF- 003/18 Vedtak:

Samrøystes

Med heimel i Plan- og bygningslova kap. 12 - §§ 12-9 og 12-10 vert justert framlegg til detaljregulering for Naustområde Gjerdsvik, planid 201305, g.nr./b.nr. 11/1, 12/1, 30, 13/6-7 og 15/1 i Etne kommune lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker – ny 1. gangshøyring.

Innspel til pågåande kommuneplanarbeid, arealdelen: Det vert lagt inn omsynssoner på 30 m kring alle førekomster av dvergålegras i Vågen og Bekkjavika.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka):

Historikken i saka er omtalt s. 8 i vedlagt, justert planomtale frå Omega Areal datert 18.1.18. Vi syner til dette. Etter funn av dvergålegras (og andre artar) i Vågen sommaren 2017 sa settefylkesmannen (i e-post 1.9.17) at kommunen måtte ta stilling professor Anders Lundberg sin rapport om funna, og seie kva tyding dette vil få for planen. Funna har medført endringar i planløyising og -føresegner, så planen må fremjast for ny 1. gangshandsaming.


Endringane er skildra i vedlagt planomtale, ny tekst er merka med raudt. Utgåande tekst er streka over med svart. Der er for mykje ny tekst til å ta inn i saka, så vi må syne til vedlegget, med nokre kommentarar undervegs.

Likeeins syner vi til vedlagt sluttrapport frå Lundberg; her står det meste vi treng å vite om dvergålegras og kva føringar som gjeld om forvaltning av arten. Dvergålegras er ein liten, vintergrøn plante, som veks på grunnene i sona mellom flo og fjære, på finsand og leirbotn. Arten er raudlista (VU = sterkt truga) og har status som prioritert art. Rotsystemet er grunt og arten er sårbar for ytre påverknad; bygging av båthamner og båttrafikk er blant dei mange trugsmåla som er skildra. Lundberg rår i frå å byggje ut i Gjerdsvik; han seier det heller ikkje vil hjelpe å redusere tal naust og båtplassar. Eller å flytte anlegget mot nord, sidan ein då kjem nærare to andre førekomstar av dvergålegras i Vågen.

Problemstilling

Justert planframlegg er vist nedanfor, gamal plan ligg på neste side. Ein har søkt å ta mest mogleg omsyn til dvergålegraset i nytt framlegg. Endringane er omtalt s. 4 i planomtalen. Talet på nye båtplassar er redusert frå 28 til 20, ein reduksjon på nesten 29 %. Båtplassane er flytta mot nord i planområdet, lengst mogleg vekk frå dvergålegraset, som ligg eit par titals meter utanfor plangrensa i sør, om lag 100 m² stort. Det er lagt inn ei omsynssone på 30 m rundt dvergålegraset; denne kjem berre delvis inn i planområdet (skravur H 560), resten må leggjast inn i den pågåande kommuneplanen, arealdelen. Same gjeld dei tre andre lokalitetane Lundberg fann, to store inst i Vågen aust for hyttefeltet ved Eiriksvik (til saman kring 2,5 dekar) og nokre heilt små klyngar i Bekkjavika på Sæbø (kart i rapport).

Dei inntil 10 nye båtplassane som tidlegare låg inne på Engelsgjerd sør i planområdet er tekne ut og erstatta med 2 plassar ved den store flytebrygga i området BSB1 i Gjerdsvik.




Over: Justert planframlegg. 16 av dei nye båtplassane ligg til flytebrygga, 4 ved utriggarane.

For nausta er max. mønehøgde endra frå 5,0 til 4,5 m (§ 2.3.2). Nausta er berre litt over 4 m i

breidde, så 4,5 m mønehøgde er tilrekkeleg. Ein kjem då også klagene frå naboane litt i møte.

S. 15 og 24-28 i planomtalen går Omega Areal grundigare inn på omsyn til og konsekvensar for naturmangfaldet. Hovudfokus er på dvergålegraset, men også dei andre artane Lundberg fann i planområdet er omtalt. Illustrasjon s. 24 syner at det i nytt planframlegg er kring 75 m frå dvergålegraset opp til næraste planlagde byggjetiltak (kai/utfylling sør i BUN2). Avstand til næraste båt plass sør i BSB1 er kring 105 m (ved uttriggaren nord for båtampa BBS3).



Over: Gamalt planframlegg. Dei 10 nye båt plassane ved BBS3/BSB2 er tekne ut av planen.

Planføresegnene er justert i tråd med planendingane (vedlegg). Føresegna for omsynssona seier at det ikkje er lov å gjere noko, på land eller sjø, som kan skade dvergålegraset. Frå tidlegare ligg inne eit punkt (§ 1.5) om at tiltak som er omfatta av forureiningslova-/forskrifta, t.d. fylling i sjø, treng løyve frå forureiningsstyresmaktene; her er det aktuelt med avbøtande tiltak som t.d. utlegging av siltgardin/duk med flyteelement for hindring av partikkelspreiing i samband med arbeidet. Det er også knytt rekkjefølgjekrav til dette (§ 1.7). Eit anna framlagt avbøtande tiltak er å utføre arbeidet i vinterhalvåret heller enn i vekstsesongen.

Lundberg syner til røynsler frå andre førekomstar av dvergålegras når det gjeld trugsmål og tilbakegang. I dag er der 4 intakte lokalitetar i Hordaland: Strandbarm, Tysnes, Huglo og Etne (15 lokalitetar i Noreg i alt). I Sævarhagsvikjo ved Leirvik på Stord har dvergålegraset forsvunne; Lundberg seier dette skjedde etter at det vart bygd småbåthamn like ved. I annan litteratur (Blyttia 2013) skriv han at tilbakegangen også kan skuldast ureining frå landbruk i nærleiken. Omega Areal peiker også på at båthamna på Stord, med over 400 båt plassar og 400 m lang steinmolo, er svært mykje større og annleis enn den i Gjerdsvik. Kanskje steinmoloen har påverka straum- og bølgetilhøva i området og slik skada dvergålegraset? Omega Areal peiker på at lokalitetane er ulike både med omsyn til graden av tilrettelegging, eksponering/ vindtilhøve, trugselbilette mm., og at ein må ta omsyn til dette ved samanlikning. Orsakstilhøva synast ikkje alltid sikre og eintydige. Vind/bølgeslag og erosjon

kan også skade dvergålegras. Ved Sævarhagsvikjo er det opent for austavindar. Vågen i Etne er ein grunn terskelfjord (max. 20 m djup), eksponert for vestavind, tidvis islagt om vintrane. På Tysnes ligg plassen meir skjerma, og plantene veks djupare i sjøen, ned mot -1 m.

Lundberg skriv at båttrafikk kan skade dvergålegras ved at propellar virvlar opp botnsediment og gjer at dei grunne røtene rivast opp. Omega Areal nemner at der ligg eit småbåtanlegg ved Eiriksvik i dag, tett på dvergålegraset inst i Vågen, berre 60-70 m unna på det næraste. Lundberg har munnleg fortalt at tettleiken av planter pr. m² er lågare enn normalt i området nærast båthamna. Det nemnte båtanlegget er ei flytebrygge med 12 plassar; dei 6 båtane på austleg side må då bakke litt først for å kome ut i Vågen. Normalt vil ein ikkje trenge å bakke meir enn 10-15 m, det er då framleis rundt 50 m bort til dvergålegraset. I Gjerdsvik er avstanden til dvergålegraset over 100 m frå dei næraste båtane, så her bør problemet vere tilsvarende mindre.

Avslutningsvis, på s. 27-28, skriv Omega Areal litt om positive sider ved ein småbåthamn, rekreasjon o.l. Området har tidlegare vore tømmeropplagsplass for utskiping på båt. Omsøkt tiltak er i tråd med kommunedelplanen for Etnesjøen (2012). Det å samle naust og båtar på èin plass er god arealutnytting. Og riktig planprinsipp kontra å spreie dei ut over større del av kyststripa. Med dei grepa som er gjort i justert planframlegg, meiner ein at ein har teke omsyn til dvergålegraset. Tilhøvet til naturmangfaldslova §§ 8-12 er omtalt einskildvis.

Linkar til ein del sentralt lovverk og underlagsmateriale i saka:

Naturmangfaldslova (NML).

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

SITAT: § 5. (forvaltningsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.

Forskrift om dvergålegras (*Zostera noltei*) som prioritert art. Heimel i NML er §§ 23, 24, 62.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-05-22-546?q=dvergål>

SITAT: § 3. Forbod mot uttak, skade og øydelegging

Alle former for uttak, skade eller øydelegging av dvergålegras er forbode. Som øydelegging er medrekna mudring, utbygging, utfylling og endring av straumforholda og andre handlingar dersom dei er eigna til å skade eller på annan måte forringe førekomstane av arten.

Føremålet med føresegna er å ta i vare arten i tråd med § 5 i NML. Forvaltningsstyresmakten (fylkesmannen) kan setje i verk naudsynte skjøtselstiltak, helst då etter avtale med grunneigar (§ 3).

Prof. Lundberg har utarbeidd mykje av fagstoffet i dei to følgjande rapportane:

Handlingsplan for dvergålegras i Noreg, Direktoratet for naturforvaltning 2010.

http://www.miljodirektoratet.no/old/dirnat/attachment/1192/Rapport_1_2010.pdf

Faggrunnlag for dvergålegras, Miljødirektoratet 2014.

http://www.miljodirektoratet.no/Documents/Nyhetsdokumenter/dverg%C3%A5legras_fagg_runnlag251114.pdf

TRUGSMÅL MOT DVERGÅLEGRAS: Oppsummert frå faglitteraturen (inkl. artikkel i Blyttia, A. Lundberg 2013): Tekniske inngrep (utfylling, mudring, graving, kunstige badeplassar mm), ureining/eutrofiering, aktivitet/forstyring (inkl. båttrafikk/propellar), våtmarksfuglar (m.a. knoppsvane et plantane), konkurranse frå andre planteartar (m.a. småhavgras, vanleg sjøplante, også i Etne), algevekst, fjøremark (nedslamming), sjukdom og erosjon/bølgeslag.

Frå rapporten Ålegrasenger i Bergen (Lundberg 2015) tek vi med sitatet under frå s. 15: https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00258/legrasenger_i_Berg_258612a.pdf : *Klimaendring forventes å bringe med seg økende frekvens av ekstremvær med økende bølgeslagspåvirkning i grunne områder og mot land. For ålegras kan dette være negativt gjennom økt oppvirvling av bunnsedimenter og løsrivelse av planter.*

Vurdering

Som vi ser er der tunge føringar for berekraftig forvaltning av dvergålegras. Tilrådinga frå Lundberg om å avslå bygging av småbåthamn i Gjerdsvik er eit tungt fagleg råd. Vi vil streke under at vi ikkje tviler på at småbåthamnar og båttrafikk kan skade dvergålegras. Der er samla mykje kunnskap om dvergålegras og trugsmåla mot arten. Men vi les på same tid av litteraturen at ein ikkje alltid kan seie sikkert kva som er den utslagsgivande faktor til tilbakegangen frå plass til plass. Vi meiner også at det ved samanlikning er viktig å trekkje inn ulikskapen i naturlege og menneskeskaptne føresetnader på lokalitetane. Når der er mange moglege trugsmål som kan slå inn, skal ein sjølv sagt vere varsam i høve forvaltning av nye tekniske tiltak. På same tid er t.d. problema med ekstremvær aukande. Gjerdsvik ligg opent til for stormar og pålandsvindar frå vest; korleis skal ein t.d. kunne vite om det var småbåthamna og ikkje pålandsvindane som var utslagsgivande, dersom dvergålegraset forsvann om nokre år? Ålegrasenger kan hindre stranderosjon og dempe bølger, men då veks dvergålegras saman med dei større artane vanleg ålegras og skruålegras; dvergålegras (inntil 20 cm lange blader) i einsarta bestand har mindre effekt og svakt rotsystem.

Styresmaktene seier vi treng meir kunnskap om og overvaking av førekomstane i landet, jf. handlingsplanen i rapporten Faggrunnlag for dvergålegras (2014). Det er også nemnt avbøtande tiltak, skjøtsel, informasjonstiltak, samarbeid med grunneigarar og mykje meir. I Vågen har ureining frå landbruket blitt monaleg redusert dei siste tiåra. I byggjesaker stiller kommunen krav om reinsing av avlaup. Vi har resipientunderskingar i Vågen og Etnefjorden tilbake til 1980-talet, som ligg til grunn for desse krava.

Planlagt båthamn i Gjerdsvik er kring 90 m lang. Kaifronten ser ut å bli om lag 100 m lang, og ein må fylle massar i sjø i ei breidde på kring 10-12 m i snitt. Utbygginga vil vere eit eingongstiltak, og det bør vere gode sjansar for at avbøtande tiltak (t.d. bruk av duk/lense) kan fungere godt og hindre urimeleg partikkelspreiing i vatnet. Som nemnt kan der kome inn andre vilkår i tillegg, t.d. frå fylkesmannen, i samband med handsaming etter forureiningsloverket (ev. i høyringa til planframlegget).

Litt meir om båtpropellar og skade på dvergålegras: Der er mange langgrunne viker og parti i Vågen (jf. ortofoto under). Ferdsla med båt her kan skade både skrog og propell. Faren er naturleg nok lågare på flo sjø, men grunnene er som oftast likevel godt synlege (eller kjente) for båtførarar. Førekomsten med dvergålegras sør for Gjerdsvik ligg tett på land og inn mot ei lita innbukting i strandlina, så det er lite naturleg å legge båtturen innom her. Botn er til dels steinete, meir enn ved Eiriksvik, kor det er meir einsarta leirbotn (sjå foto og

kvartærgeologisk kart s. 19-20 i planomtalen, grønt = morene, blått = leire). Den normale retninga for ein båttur frå Gjerdsvik vil vere å sikte seg utover Vågen mot Etnefjorden, og same veg tilbake. Vidare så er tiltakshavarane i Gjerdsvik no kjent med funna av dvergålegras, så det er enkelt å informere om at ein skal kjøre beint inn og ut frå hamna. Tilsvarande vil vi, saman med fylkesmannen som ansvarleg forvaltningsstyresmakt, ta kontakt med grunneigarane ved Eiriksvik og informere om funna der og korleis ein kan ta omsyn til førekomstane (det gjeld også i høve eit stangfiske med vadarar, som vi har fått melding om tidvis går føre seg på strendene (kan moglegvis skade dvergålegraset)). Grunneigar ved Engelsgjerd sør for Gjerdsvik er kjent med funnet her og er positiv til å samarbeide om ev. skjøtselstiltak. Utlegging av bøyer kan vere noko å vurdere, sjølv om det er noko arbeidskrevjande grunna is om vinteren, som gjer at bøyer må takast opp og leggjast ut igjen kvar haust og vår. Fylkesmannen bør i så fall vurdere skjøtselstiltak for fleire av lokalitetane i fylket, slik at ein får ei mest mogleg heilskapleg praksis.

Omsynssona som vi vil leggje inn i Gjerdsvikplanen og kommuneplanens arealdel vil i tillegg skydde dvergålegraset. Sidan den tilhøyrande planføresegna seier at det ikkje er lov å gjere noko som kan skade plantene, tyder dette at båttrafikk heller ikkje er tillete her. Vi meiner 30 m rundt førekomstane bør vere nok for å hindre skade frå båtpropellar. Dette er det også ganske enkelt å informere om til grunneigarar og lokalsamfunn, båtforeiningar o.l. Nemnte planføresegn seier altså omtrent det same som forskrift for dvergålegras som prioritert art § 3. Denne gjeld naturlegvis i tillegg til dei i lokale arealplanar.

Som nemnt er planane i Gjerdsvik i tråd med gjeldande kommunedelplan frå 2012. Der fins ikkje alternative naustområde i planen, eller tilstøytande kommuneplan, som kan erstatte Gjerdsvik. Gjerdsvik er også plassen der dei 18 naustrettane til Gjerdsgardane ligg, flytting andre stader vil vere vanskeleg og kostbart. Om vi ser på strandlina rundt Etnesjøen, så er mykje allereie utbygd, dyrka mark, friluftsområde, kaste-/låssettingsplassar, har høge naturverdiar eller er for vindutsette for småbåthamner. Ei hamn for 18 båtplassar og naust krev også mykje areal for tilkomst og parkering, som gjer det krevjande å finne alternative, realistiske lokalitetar. Plassen i Gjerdsvik er også universelt utforma.

Ein har i justert planframlegg søkt å ta så mykje omsyn til funna av dvergålegras som mogleg (dei andre omtale planteartane, som ligg innafor planområdet, vil derimot truleg verte øydelagde av utbygginga). Grunneigaren på Engelsgjerd har gitt frå seg 8 båtplassar som var tenkt til utleige for å styrke inntektsgrunnlaget på gardsbruket. Tiltakshavarane i Gjerdsvik får auka kostnadar som følgje av endringane i planen, i tillegg er plankostnadane store. Planoppstart var i november 2013. Verdiskapinga som følgje av ei full utbygging er ikkje rekna på, men det vil dreie seg om mange millionar kronar for heile anlegget på sjø og land. Båtliv har i tillegg ein stor verdi i høve rekreasjon, friluftsliv, fiske og sjøkultur.

Sjølv om vi har stilt nokre spørsmål om orsakssamanhengar kring trugsmål mot dvergålegras, meiner vi krava til kunnskapsgrunnlaget i NML § 8 er oppfylt og at dette står i eit rimeleg forhold til saka sin karakter. Såleis meiner vi NML § 9 om føre-var-prinsippet ikkje skal nyttast i saka.

Rådmannen rår til at justert planframlegg blir lagt ut på høyring. Vi håper m.a. å få innspel til moglege avbøtande tiltak for utbygginga, ev. andre tiltak vi kan gjere for å ta omsyn til førekomstane våre med dvergålegras.

Til sist limer vi inn ortofoto frå Vågen og ved båthamna i Sævarhagsvikjo på Stord, dette for å vise skilnadene i føresetnadar på ulike lokalitetar, jf. omtale lenger framme i saksutgreiinga.



Over: Sævarhagsvikjo nord for Leirvik, meir enn 400 båtplassar og 400 m steinmolo. Eksponert for austavindar. Dvergålegras merka med raud kross.



Over: Vågen i Etne. Grunn fjordpoll, eksponert for vestavindar (Gjerdsvik meir eksponert enn dei to førekomstane inst i Vågen).

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.01.2018	Omega Areal - Tekstdel-regplan - v3 rev. 18.01.2018	1387513
30.01.2018	Omega Areal - Tekstdel-regplan - v3 rev. 21.12.2017	1387514
01.09.2017	Dvergålegras i Etne. Sluttrapport	1379028
22.01.2018	Omega Areal - Føresegner - v3 rev. 21.12.2017	1386960
22.01.2018	904 Reguleringsplan rev.21.12.2017	1386962
30.06.2017	Dvergålegras Blyttia 2013.pdf	1376780

Saksgang: Komite Forvaltning

Utskrift til: Sakshandsamar